



Toalettbygget skal vølast, ikkje byggast nytt, påpeikar Steinar Myklebust på Rabben Camping. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kvinnherad Næringssservice har no reagert på at forvaltningskomiteen har lagt ned byggje- og deleforbod for eit område som også omfattar Rabben Camping. Det set lønsemda ved campingplassen i fare og gjer ei vidare satsing vanskeleg, meiner Kvinnherad Næringssservice.

Dei oppmodar kommunen om å ta søknaden om byggjeløyve for nytt toalettanlegg opp til ny handsaming snarast, Kvinnherad Næringssservice held fram at Rabben Camping er ein viktig næringsaktør i Uskedalen og at eit nytt toalettanlegg vil vera svært viktig for verksemda si framtid.

- Dette er forhold som må tilleggjast stor vekt i den vidare sakshandsaminga, heiter det i brevet til kommunen, som er attgjeve i innsida.no.

Steinar Myklebust på Rabben Camping har tidlegare klagt på vedtaket i forvaltningskomiteen, men klagt kom ikkje opp i siste møte, som vart halde 4. oktober.

Han peika i klagt på at saka gjaldt ei heilt naudsynt vøling av sanitærbygget og ikkje oppføring av nybygg.

Myklebust er redd for at byggjeforbodet kan føra til sviktande omsetnad for campingplassen fordi sanitærbygningen er i så dårleg stand. Rabben har mange tyske gjestar i bubilar og telt og viss ikkje dei sanitære tilhøva er gode, reiser dei vidare, held eigaren av Rabben Camping fram.

Det neste møte i forvaltningskomiteen blir halde 8. november og truleg kjem klagt frå Myklebust opp der, får uskedalen.no opplyst.

Av Ola Matti Mathisen